



# ***Surnadal Idrettslag***

***Postboks 1  
6656 Surnadal***

## **Referat frå styremøte i Surnadal IL**

Tid: Måndag 15. juni 2015 kl. 19.00-21.00.  
Neste møte: Måndag 21. september 2015 kl. 19.00-20.30.  
Stad: Syltøran  
Referent: Øystein Hjelle Bondhus

Til stades: Vidar Ulvestad  
Svein Dalen  
Arne Øie  
Erling Fiske  
Stian Faksnes  
Øystein Hjelle Bondhus  
Ellbjørg Haugen Larsen

Forfall: Ola Mogstad, Einar Bergheim.

### **Sakliste:**

#### **Sak 19/15 Godkjenning av referat frå styremøtet 27. april**

Referatet er godkjent utan merknader.

#### **Sak 20/15 Organisasjonsplan**

Det vart orientert om prosessen rundt den nye organisasjonsplana.  
Arbeidsdokumentet vart gjennomgått.

Målet er å ha plana klar til vedtak i styret i oktober 2015.

Merknader:

- Under medlemskap-punktet: Vi bør få inn ein oversikt over SIL sine medlemskap i særforbund.
- Det er viktig at det i organisasjonsplana vert nedfelt korleis SIL skal drive. Dette må gjelde alle gruppene, slik at alle enkelt kan vite korleis ein gjer ulike ting i SIL, slik at alle dreg i same retning.
- Under Årshjul-punktet bør vi ha ei oversikt over dei største arrangementa per gruppe, slik at gruppene kan planlegge med kvarandre i tankane.
- Styret ønskjer ein eigen temakveld om korleis Surnadal IL skal definere seg og aktiviteten sin.

#### **Sak 21/15 Fordeling av hall- og gymsaltider**

Mottekne ønskjer frå gruppene vart gjennomgått.



# Surnadal Idrettslag

**Postboks 1  
6656 Surnadal**

Alpint og langrenn ønskjer same tid som i fjor. Allidrett var ikkje til stades på møtet. Styret overlet til handball- og fotballgruppa å verte samde om øvrig fordeling.

Frå og med møtedato gjeld følgjande fordeling:

## **Surnadal Idrettshall:**

	Måndag	Tysdag	Onsdag	Torsdag	Fredag
15.00 16.30	Handball* (Bytta vekk mot fredag 18.00)	SURNADAL VGS	Fotball	Fotball	Handball
16.30 18.00	Handball	Handball	Handball	Handball	Handball
18.00 19.30	Langrenn Alpint Friidrett (vinter)	SØYA	Handball	Handball	Fotball* (Bytta vekk mot måndag 15.00)
19.30 21.00	Handball	Handball	Handball	SØYA	Fotball
21.00 22.30	Innebandy	Fotball	SØYA	Innebandy	LEDIG

### **Laurdag:**

Kl. 9.30 - 11.00 – Fotball

### **Søndag:**

Kl. 15.00–20.30 - Fotball

Kl. 20.30-22.30 – Volleyball

## **Surnadal ungdomsskole:**



# **Surnadal Idrettslag**

**Postboks 1  
6656 Surnadal**

**Måndag:**

16.30-18.00: Fotball (vinter)  
18.00 - 20.30: Bueskyting

**Tysdag:**

17.30-19.00: Fotball (vinter)  
19.00-20.30: Friidrett.

**Onsdag:**

18.00-20.30: Fotball (vinter)

**Torsdag:**

17.00-21.00: Bueskyting

**Fredag:**

17.30-19.00: Fotball

**Søndag:**

17.00-20.00: Fotball

**Øye skule:**

Måndag:

18.00-19.30: Alpint

Tysdag:

17.00-20.00: Turn (Hvis oppstart)

Onsdag:

18.00-19.30: Fotball (vinter)

Torsdag:

18.00-19.30: Fotball (vinter)

**Sak 22/15 Orienteringssaker**

- Spelemiddeltildeling

Vi har fått opplyst at vi får 488 000 kr for smørehallen på Nordmarka, men ikkje for lysanlegget på Amfi Park. Den er imidlertid neste på lista i Surnadal. Vi har fått innvilga 250 000 kroner i kommunalt tilskot, og betalar ned resterande lån frå kommunen når pengane kjem på konto. Det må i haust søkast på nytt for lysanlegget på Amfi Park, samt for ny tidtakarbu i alpinbakken. I og med at det skal søkast for nytt anlegg må vi ha ekstraordinært årsmøte.

- Klage på tildeling av kulturmidlar 2015



# **Surnadal Idrettslag**

**Postboks 1  
6656 Surnadal**

I formannskapet sitt vedtak vart SIL tildelt 74 000,- i kulturmidlar, mot 87 000 i fjor. Dagleg leiar har påpeika overfor saksbehandlar at talgrunnlaget er feil, og fått beklaga feilen. SIL står oppført med 316 i staden for 494 medlemmer under 18 år, noko som slår svært negativt ut for oss:

*«Fordelingen blei gjort til største del matematisk ved å dele totalsummen 250.000 kroner på 1061 medlemmer under 18 år i de lagene som har søkt og gange med antall medlemmer i hvert lag. I tillegg blei det utvist skjønn.»*

SIL legg inn klage på grunn av saksbehandlingsfeil.

- Vårsøg Mini-maraton 29.8.

Vi skal stille med om lag 15 frivillige på tre stasjonar, ved henholdsvis Pipelife, Byggmakker og Amfi. Barneidretten prøvar å skaffe desse, sidan dei får inntektene frå deltakaravgifta. Då gjenstår tidtaking.

Merknad:

- Friidretten vert spurt først om å ta tidtakinga, som del av SIL Allidrett.
- Dersom nokre andre grupper enn SIL Barneidrett skal gjere dugnadsjobb bør dei og sitte att med pengar.

## **Sak 23/15 Open post**

- *Generalforsamling i Idrettsvekst*

Det skal haldast generalforsamling i Idrettsvekst før utgangen av juni. Styret i SIL uttrykkjer skepsis med tanke på vidare drift av selskapet.

- *Midt-Norsk Mesterskap i langrenn*

SIL Langrenn har fått tildelt Midt-Norsk Mesterskap 30.-31. januar 2016.

- *Oppteken idrettshall på søndagar hausten 2015*

Handballgruppa peikar på at det er ei utfordring at idrettshallen er oppteken ein del søndagar i haust, mellom anna til innebandykampar.